

Infoskriv til legekantor den 15. mars 2019.

Breeding av IHR er gjennomført for dei legekantora i Møre og Romsdal som melde sin interesse og som reint teknisk kunne ta systemet i bruk. Dette vil seie at 35 legekantor i Møre og Romsdal har teke i bruk systemet. Vi er takksame for at de har vore positive til å kome i gang med IHR, og at de nyttar systemet aktivt. Innføringa av IHR har medført mange fordelar, som blant anna auka pasientsikkerheit, mindre manuelle oppgåver og større grad av sporbarheit.

Endra rutine for brukarstøtte – regional brukarstøtte:

I samband med oppstart av IHR har vi oppgitt eit telefonnummer, slik de har kunna kontakte oss ved spørsmål knytt til bruk av IHR. Denne ordninga har no blitt erstatta av ei regional brukarstøtte i Helse Midt Norge. Hemit sendte ut informasjon om denne brukarstøtta til legekantora som nyttar IHR i februar 2019, *sjå vedlegg 1 «Ved behov for brukarstøtte IHR»*.

Hugseliste IHR

Det har tidlegare vore utarbeida ei «Hugseliste for legekantor som har teke i bruk IHR», sjå vedlegg 2. Fint om de kan ha denne lista lett tilgjengeleg for personalet på laboratoriet.

Mottakslaboratoria har i det siste meldt frå om følgjande:

- Enkelte bestillingar er ikkje fullført. Sjå punkt for dagleg sjekk i «Hugselista».
- Analyser er bestilt på fleire separate bestillingar for same pasient i same tidsrom. Sjå punkt «Etterbestilling/ending av bestilling» i «Hugselista».
- Prøverør er ikkje merka med riktig prøvemateriale.
- «Kopi av svar» ikkje lagt til aktuell bestilling. Sjå punktet «Kopimottaker» i hugselista.
- Det skal ikkje hakast av for «Ekstern prøvetaking» dersom prøvetaking skal skje ved sjukehuslaboratoria. For beskriving av gjeldande rutine, *sjå vedlegg 3 «Prøvetaking ved sjukehuslaboratoriet»*. Hugs å fullføre bestillinga.
- Prøver som er teke på ulike datoar er oppretta i ei og same bestilling. Dersom de til dømes har ein kombinasjon av prøvemateriale som blir teke på ulike datoar, slik som blodprøver og fæces, skal det opprettast ei bestilling per prøvetakingsdato/tidspunkt. Vi opplever blant anna at kalprotektin blir bestilt på same bestilling som blodprøver, men at desse blir teke og sendt inn på ulike tidspunkt.
- Dersom de har prøvemateriale som blir sendt via lokalt sjukehuslaboratorium som skal vidaresendast til andre sjukehus, er det fint om de kan legge aktuelt prøvemateriale i ein eigen konvolutt. Merk konvolutten med kva sjukehus det skal sendast til. Denne rutinen vil forenkle sorteringsarbeidet ved mottakslaboratoria og kan også medføre at prøvematerialet kjem raskare fram.
- Minner om at prøver som skal analyserast ved St. Olavs kan sendast direkte dit og ikkje via lokalt sjukehuslaboratorium. Det har blant anna vore nokre eksempel på at prøvemateriale til HLA-B27-analysar har blitt for gammalt, på grunn av at prøvematerialet har vore sendt via lokalt sjukehuslaboratorium.
- Minner om at diverse analysar krev spesialhandtering. Dette medfører ofte at prøvane må takast på eit sjukehuslaboratorium. Til dømes ACTH.

Etterrekvirering

Ved behov for etterrekvirering må de kontakte laboratoriet prøvane er sendt til, sjå vedlagt «Hugseliste for legekantor som har teke i bruk IHR». Laboratoriet kan då vurdere om ein har nok og riktig prøvemateriale for dei analysane ein vil etterrekvirere. Elektroniske rekvisisjonar overførast til laboratedatasystemet først når prøvebeholdarane er mottaksregistrert på laboratoriet ved sjukehuset. Elektroniske rekvisisjonar som vi ikkje mottok prøvebeholdarar på, vert normalt sletta etter 14.dagar.


Problem med etikettskrivarar

Det er informert om enkelt vedlikehald av etikettskrivarane i samband med oppløringa som er gitt ved kvart legekantor. Dersom de opplever problem med etikettskrivarane, kan desse manualane vere til hjelp:

- Innstilling etikettskrivarar, *vedlegg 4*
- Vedlikehald etikettskrivarar, *vedlegg 5*

Dårlig trykk, kan skuldast følgjande:

- Innstillingar: For høg fart kombinert med for lite trykk. Vil gi jamn dårleg/kornete kvalitet.
- Ureint skrivarhovud (glasplate markert med firkant: skal bli reingjort ved skifte av etiketter og ved behov – tørk av med sprit for fjerning av evt. lim-restar. Kan gi blanke vertikale felt i skrift og strekkode).
- Haker (trekantar) som held loket på plass: Begge må vere trykt skikkeleg nedpå slik at lokket er fast på begge sider. Ved dårlig feste vil det bli svakare skrift på ei side.
- Gummirull (ring): Om denne er tatt ut pga. reinhold, er det viktig at den blir sett skikkeleg på plass igjen. Dårlig feste av rull eller etiketter rundt rullen vil gi manglande framdrift eller manglande skrift på deler av rullen.



Dersom de ikkje får løyst problemet ved legekantoret, sjå vedlegg 1 «Ved behov for brukerstøtte IHR».

Vedlegg:

1. *Ved behov for brukerstøtte IHR*
2. Hugseliste for legekantor som har teke i bruk IHR
3. Prøvetaking ved sjukehuslaboratoriet
4. Innstilling etikettskrivarar

5. Vedlikehold av etikettskrivarar

Med vennleg helsing

Irene Schmidt Furuli

Irene.Schmidt.Furuli@helse-mr.no